



Arkivnr: 2016/34161-1

Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016

Konkuranseutsetting av kortsiktig kontrakt for bybåtsambanda Kleppestø-Strandkaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen**Samandrag**

Skyss vil lyse ut ny samla kontrakt for begge bybåtsambanda med oppstart i 2018. Etter planen skal ny kontrakt signerast i løpet av våren 2017. Kontrakten vil legge til rette for fartøy med konvensjonell teknologi. Det er planlagt at kontrakten skal ha relativt kort varigheit og gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein meir langsiktig kontrakt med miljøvennlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø-Strandkaien. I forkant av ny langsiktig kontrakt vil det også bli gjennomført ei utgreiing av mogleheter for miljøtiltak for sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen.

I denne saka blir det gjort nærmere greie for hovudpunktene i konkurransegrunnlaget for den kortsiktige avtalen

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjøre konkurranse om drift av bybåtsambanda i Bergen i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnaren av konkurransen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.11.2016

1. Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til PS 249/2016 lagt fram for fylkesutvalet 20.10.16 der det vart gjort greie for planane for bybåtsambanda Kleppestø-Strandkaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen. Når det gjaldt plan for desse sambanda på kort sikt var det i nemnte sak uttalt følgjande:

Skyss vil lyse ut ny samla kontrakt for begge bybåtsambanda med oppstart i 2018. Etter planen skal ny kontrakt signerast i løpet av våren 2017. Kontrakten vil legge til rette for fartøy med konvensjonell teknologi. Det er planlagt at kontrakten skal ha relativt kort varigheit og gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein meir langsiktig kontrakt med miljøvennlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø-Strandkaien.

Sambanda vil ha ulik oppstartsdato i ny kontrakt, men kontraktutløpet vil vere likt for begge sambanda. Konkret tidspunkt for kontraktutløp vil bli vurdert som del av anbodsarbeidet, og sett i lys av dei nemnte prosessane kring tilrettelegging for miljøvennlege framdriftsløysingar på Kleppestø - Strandkaien.

Kontrakt	Oppstart
«Kontrakt Bybåtsamband»	01.01.2018
Kleppestø – Strandkaien	01.01.2018
Knarvik – Frekhaug – Bergen	01.01.2019

For sambandet Kleppestø – Strandkaien blei anløpet i Bergen flytta frå Nøstet til Strandkaiterminalen frå 1.1.2015 for å få eit større passasjergrunnlag og vere betre knytt til andre kollektivtilbod for reiser vidare. Tiltaket har gitt effekt, og det var 114 000 fleire passasjerar i 2015 samanlikna med 2014, noko som er ein vekst på 34 prosent. Samstundes har passasjerveksten ført til at kapasiteten er pressa på dei mest populære avgangane, og i rushtid på kvardagar har det tidvis vore attståande passasjerar frå båten. På grunn av aukande kapasitetsutfordringar på sambandet vil Skyss legge opp til at kravet til kapasitet blir auka i ny kontrakt, slik at ein frå 1.1.2018 kan tilby plass til fleire reisande mellom Bergen og Kleppestø.

Båtruta mellom Bergen sentrum og Frekhaug/Knarvik har også hatt ei jamn vekst dei to åra sambandet har vore i drift, og veksten i 2015 var på heile 20 prosent. Det er likevel ikkje press på kapasiteten på sambandet per i dag. Kva krav som skal bli stilt til kapasitet på sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen vil bli vurdert som del av anbodsarbeidet for ny kontrakt.

Rutetilbodet på begge båtsambanda vil også bli vurdert som del av anbodsarbeidet for ny kontrakt. I vurderingane vil båttilbodet bli sett i samanheng med busstilbodet på dei same strekningane.

Fylkesrådmannen vil i denne saka gjere nærmere greie for hovudpunktene i konkurransegrunnlaget for den kortsiktige avtalen.

2. Kontraktslengde

Administrasjonen har fått brev frå Askøy kommune som tilseier at ny kai på Askøy vil kunne stå klar innan 4 år frå årsskiftet. Basert på denne tilbakemeldinga legg fylkesrådmannen til grunn at sambandet Kleppestø-

Strandkaien som har oppstart 01.01.2018 får ei kontraktslengde på 3 år, med opsjon på å forlenge kontrakten med 1 + 1 år.

For sambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen som har oppstart 01.01.2019 legg fylkesrådmannen opp til ei kontraktslengde på 2+1+1 år.

3. Kapasitetskrav og rutetilbod

3.1 Sambandet Kleppestø-Strandkaien

Fartøyet som i dag trafikkerer sambandet Kleppestø-Strandkaien har kapasitet på 195 passasjerar. Det er i perioden 2017-2023 estimert ein trafikkvekst på sambandet på 50-60%. Ettersom ein i allereie i dag har utfordringar med kapasiteten må det altså skje ein ikkje ubetydeleg kapasitetsauke i neste kontrakt.

Dersom dagens ruteplan med avgangar kvart 30 minutt i rush skal vidareførast må det etter Skyss sine berekningar setjast inn eit fartøy som kapasitet på 290-300 passasjerar.

Utfordringa her er at det er svært avgrensa tilgang til fartøy med denne storleiken i marknaden, noko som kan medføre få tilbod i konkurransen og dermed høgare pris. Når det gjeld fartøy med storleik på mellom 100 og 147 pax er imidlertid tilgangen betre. Fylkesrådmannen vil på denne bakgrunn tilrå at ein i denne konkurransen i staden stiller eit kapasitetskrav pr. time i rush og la marknaden avgjere om dette skal løysast med eitt stort fartøy kvar 30. minutt eller med mindre fartøy kvar 15. minutt (to fartøy).

Dersom ein ender opp med to-båt løysing vil berre ein av båtane vere i trafikk utanom rush.

3.2 Sambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen

Fartøyet som i dag trafikkerer sambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen har ein kapasitet på 180 passasjerar. Det er i perioden 2017-2023 estimert ein trafikkvekst på sambandet på 10%. Belleggsprosenten på denne ruta er om lag 80% i rushtida. Etter Skyss sine berekningar kan det vere føremålstenleg å auke kapasitetskravet noko i høve dagens krav. Ein kapasitet på 200 pax vert rekna som høveleg for denne kontrakten.

Det er ikkje lagt opp til endringar i dagens rutetilbod.

4. Krav til reservebåt

Det vert lagt opp til krav om reservebåtkapasitet på 180 pax for begge sambanda.

5. Økonomi

Dagens nettokostnad for fylkeskommunen for begge sambanda er på 24,7 MNOK. Kva ein ny kontrakt med auka kapasitetskrav vil koste er det knytt stor usikkerheit til. Skyss har estimert at nettokostnaden ved ny kontrakt vil ligge på mellom 31 og 36 MNOK, altså ein meirkostnad på mellom 6 og 11 MNOK pr. år.

6. Framdrift konkurranse

Det vert lagt opp til at konkurransen vert utlyst i midten av desember 2016 med tilbodsfrist i slutten av mars 2017.